

Doktor Haugen slik du minnest han 23.

30.12.2014



### Køretøya til dr. Haugen.

**Når dr. Haugen skulle dekke heile den vidstrakte kommunen vår nytta han både bilar og motorsyklar. Einar Gjertsen har god oversikt over desse køretøya sjølv om han er fødd lenge etter Haugen starta som distriktlækjar i Kvinnherad. Han har sendt oss oversikten nedanfor.**

Den første bilen eg høyrde Dr. Haugen hadde, var ein Pontiac med registreringsnummer R-1004. Grunnen til at den ikkje kjem fram med meir eksakt informasjon i form av årsmodell og type, kan vera at doktor Haugen før han kom til Kvinnherad brukte namnet Endre Endresen.



Ford Tudor Sedan 1937 mod.(Illustrasjonsfoto)

Ein svart 4 dørs Ford V8 1937 modell.

Denne vart hoggen inne i Sandvika på Hauge Auto, for han ville ikkje ha andre køyrande rundt i den bilen etter at han sjølv slutta å køyra. Denne bilen hadde utanpåliggjande skjermar, og det vart fortalt at han rett som det var, flata dei, for å koma forbi utan å vera borti andre køyretøy. Eg reknar med at Peder Ljosnes har vore med å retta ut desse skjermene fleire gonger. Han hadde og ein ekstra motor ståande til denne bilen, slik at om den eine rauk, so var det berre å byta motor, og han var i full drift igjen. Det var ein sideventilert 60 hk V8 motor og ein 85 hk sideventilert V8 motor som vart bytte om etter kvart som dei havarerte. Registreringsnummeret på Forden var R-1006. Denbilen vart rekvirert av tyskarane, og den vart attfunnen i Oslo etter krigen med insett ny motor.



Morris 10, 1946 mod. (Illustrasjonsfoto)

Den neste bilen eg hugsar var ein engelsk Morris 10 frå rett etter krigen. Denne bilen var svart og hadde registreringsnummer R-1001. . Dådr. Haugen fekk att 1937 mod. Forden frå tyskarane etter krigen, selde han Morrisen til sokneprest Svein Medhus.



Opel Kapitän, 1951 mod.(Illustrasjonsfoto)

Neste bilen eg hugsar er ein 1951 raudbrun Opel Kaptein som det var sagt han fekk hos eine dottera si. Den bilen hadde han og i ein del år, og som gutungar fekk vi vera med rundt i Uskedalen på sjukebesøk etter at han var ferdig på doktorkontoret hos Fredsy og Bjarne på Brekketoppen. Han hadde stor moro av å ha oss med på desse turane.



Mercedes Benz 180 (Foto: Harald Sætre)

Etter denne overtok han ein blå Mercedes Benz 180 då han gifta seg med enkja etter lensmann Malmanger. Den hugsar eg hadde registreringsnumme R-151. Den bilen trur eg var ein 1954 modell. Siste gongen eg såg denne bilen, stod den ute på Kaldestad. Harald Sætre hadde eit bilete som han hevda var denne bilen frå seint 90 tal, men no med registreringsnummer R-199. At denne bilen hadde vore eigd av Dr. Haugen, kan eg ikkje stadfesta.



Mercedes Benz 180, 1961 mod. (Illustrasjonsfoto)

Den siste bilen eg hugsar han hadde, var ein svart Mercedes Benz 1961 modell som han hadde heilt til han slutta å køyra bil. Det vart fortalt at Einar Hauge skulle vera med han til Stord til bilsakkyndige som det heitte den gongen, for å prøva hjelpa han til å få køyra bil vidare, men so vidt eg hugsar lukkast ikkje dette. So køyringa hans vart nok slutt på kanskje midt på sekstialet.

Han hadde fleire motorsyklar. Det kan og nemnast at han hadde Tempo motorsykel 98 ccm som han nytta på doktorbesøk til Varaldsøy, Ølve og Mauranger. Han køyrde motorsykel i mange år. Mellom anna var motorsykkelen med i Storegjerde sin motorbåt ein gong han skulle til Nordrepollen på sjukebesøk. Dette var om vinteren, og dei gjekk inntil iskanten, lempa motorsykkelen opp på isen og innover sjøisen bar det på motorsykel. Han hadde og ein 150 ccm totakts motorsykel.

Dette er litt av det eg hugsar om dette emnet no på sparket.

Tekst: Einar Gjertsen  
Nett: Thor Inge Døssland